



SKILTPLAN

POSISJON	SKILT	NUMMER	FARGE	KLASSE	STØRRELSE		UTSTYR		HØYDE underkant skilt	ANTALL nye skilt	VEDTAK	MERKNADER
					SKILT (mm)	TEKST (mm)	MONTERING	FUNDAMENT				
1		701	hvit bunn, svart tekst	1		175 mm	ny	nytt i jord/fjell	2000 mm	1		
2		713	hvit bunn, svart tekst	1		175 mm	ny	nytt i jord/fjell	2000 mm	1		
		713			1					175 mm	1	
3		701	hvit bunn, svart tekst	1		175 mm	ny	nytt i jord/fjell	2000 mm	1		



SYMBOLFORKLARING

- Planlagte skilt
- Ubelyst



Rev.	Dato	Erstatning - endring	Tegn. av	Kontr.	Godkj./sign
			Tegn. av: TOMIAJ	Kontr.:	Dato: 02.02.2015
Statens vegvesen					
FV 565, Lindås kommune					
Tegningstype: Skiltplan					
Virksomhetsvisning, Stølen industriområde					
BYGGEPLAN					
Produisert av: Statens vegvesen Region vest					

§ 33.¹ Reklameskilt eller liknande innretning må ikkje² utan løyve plasserast ved offentlig veg³ eller plasserast slik at dei er retta mot vegtrafikken eller er synleg for dei vegfarande. Reklameskilt eller liknande innretning som syner namnet åt ei verksemd eller kva verksemd det er, eller som på annan måte reklamerer for verksemda, kan likevel plasserast på bygningane åt verksemda utan løyve. Finn vegstyremakta⁴ at eit slikt reklameskilt eller liknande innretning er trafikkfarleg, kan ho gi påbod om å fjerne dette etter regelen i fjerde ledd.

Løyve kan gjevast inntil vidare eller for ei avgrensa tid dersom vegstyremakta⁴ finn at reklameskiltet eller innretninga ikkje vil vere trafikkfarleg. Som trafikkfarleg reklame reknar ein innretning som kan takast for trafikksignal, vegskilt eller vegmerking, eller hindre den frie sikta langs vegen, eller som kan trekkje dei vegfarande si merksemd vekk frå vegen eller trafikken.

Med sikte på å unngå fare for dei vegfarande, kan departementet⁵ sette forbod mot visse slag reklameskilt⁶ og liknande innretningar og mot å sette slike skilt og innretningar på visse stader eller ved visse vegstrekingar.

Blir reklameskilt eller liknande innretning plassert i strid med det som er fastsett i eller med heimel i denne lova, eller blir reklameskiltet eller innretninga endra slik at desse blir i strid med lova, kan vegstyremakta⁴ straks syte for at dei blir tekne bort, flytta eller endra. Den ansvarlege lyt då bere kostnaden, dersom han ikkje sjølv syter for å ta bort, flytte eller endre reklameskiltet eller innretninga innan ein fastsett frist. Dersom vegstyremakta⁴ finn det naudsynt av omsyn til trafikktryggleiken, kan førehandsvarsel etter forvaltningslova⁷ unnlatast. Varsel som gjeld mange einskilde partar kan kunngjerast i eit blad som blir vanleg lese på staden.

Avgjerd etter første, andre og fjerde ledd blir teken av regionvegkontoret⁸ for riksvegar og fylkesvegar, og av kommunen for kommunale vegar.

1 Endra med lov 17 des 1993 nr. 129, 1 mars 1996 nr. 11 (i kraft 1 april 1996), 21 juni 2002 nr. 39 (i kraft 1 juli 2002, etter res. 21 juni 2002 nr. 576) - Sjå § 30a siste ledd.

2 Sjå §§ 35, 57 og 61.

3 Sjå § 1.

4 Sjå § 9. Sjå res. 15 des 1972 om fullmakt for Samferdselsdepartementet.

5 Samferdselsdepartementet.

6 Forskrift om forbod mot variabel reklame langs offentlig veg fastsett av Vegdirektoratet 23 mai 1990 nr. 380 (i kraft 23 mai 1990).

7 Lov 10 feb 1967.

8 Sjå § 10